

---

**Frå:** SkuleSkyss - Postmottak <skuleskyss@skyss.no>  
**Send:** onsdag 19. desember 2018 10:26  
**Til:** Arne Rudolf Ramslien  
**Kopi:** Dina Merete Kallestad Dyrhovden  
**Emne:** SV: Bekymring for busskapasitet for elevar ved Knarvik ungdomsskule  
**Vedlegg:** 12-2018 Informasjon om kapasitet i skolebussar.pdf

Hei,

Takk for førespurnaden.

Fylkeskommunen har plikt til å dimensjonere skuleskyssstilbodet ut frå at skoleelevar med lovfesta rett til skuleskyss (etter føresegna i opplæringslova kapittel 7 og privatskolelova § 3-7) skal ha tilgang til sitteplass i bussen med setebelte fastmontert.

Per i dag er det ingen skoleelevar på Knarvik ungdomsskule som bur mellom Knarvik og Alver som har lovfesta rett på skuleskyss med buss. Skyss ønskjer likevel at det skal vere sitteplass med fastmontert setebelte for dei reisande, men kan ikkje garantere for dette.

Når det gjeld busstilbodet til/frå Knarvik ungdomsskule går det fleire bussar frå Knarvik til Alver som gjev reisemoglegheit for ungdomsskoleelevane etter skuleslutt. Ein gjennomgang av passasjerstatistikken viser at det er ei «skjeivfordeling» mellom talet passasjerar på kvar av bussane. Dette skuldast nok at skoleelevane ønskjer å ta bussen som kjem først. Skyss vurderer den totale kapasiteten på tidspunktet og strekinga som god, men det er viktig at skoleelevane spreier seg på bussavgangane. Her oppmodar vi til at skolen og foreldre hjelper til med å informere skoleelevane om dette.

Skyss har stor forståing for foreldre si bekymring, og håper desse tiltaka kan bidra til at skoleelevane får sitteplass på reisa til/frå skolen.

Gje oss gjerne tilbakemelding dersom dette problemet held fram.

Til informasjon sendte Skyss nyleg ut eit informasjonsskriv om kapasitet i skolebussar til skolane. Legg dette ved her også.

Mvh

**Stine Karoline Olsen**  
Faggruppeleiar skuleskyss – avdeling Trafikktilbod

Skyss | [Vestre Strømkaien 9](#) | Postboks 7900 | 5020 Bergen  
Mob.: (+47) 98 43 96 06 | Tel.: (+47) 55 23 95 50 | [skyss.no](#)